

”Frå bygd til landsby” stadutviklingsprosjektet i Tuddal



Eit treårig stadutviklingsprosjekt i Tuddal i Hjartdal kommune.

Prosjekteigar

Hjartdal kommune i samarbeid med Tuddal utvikling

Kontaktinformasjon;

Prosjektleder;

Anne-Bjørg Haugan

tlf 35028031 / 95832773

e-post; anne.bjorg.haugan@hjartdal.kommune.no



Prosjektperiode

Fase 0 - frå 1.4.2009 til 1.4.2010 - vidare planlegging og førebuing samtidig som pågåande og planlagde aktivitetar frå forprosjektperioden vidareførast. Utarbeiding av søknader om midlar til vidareføring av prosjektet.

Fase 1 - frå 1.4.2010 til 1.4.2012 - vidareføre aktivitetane/prosessane frå fase 0. Det skal også utarbeidast planar for vidare oppfølging og evaluering ut over prosjektperioden.

Deltakarar/ bidragsgjevarar

Prosjektet skal forankrast både hos innbyggerane i Tuddal, medlemmene i Tuddal utvikling, i Hjartdal kommune og hjå andre involverte i Tuddal.

Prosjekteigar	Hjartdal kommune i samarbeid med Tuddal utvikling.
Prosjekt- og regnskapsansvarlig	Hjartdal kommune
Prosjektleiar	Anne-Bjørg Haugan - midlertidig tilsett, 1 årsverk.
Styringsgruppe	Rådmannen i Hjartdal kommune, leiar av styret i Tuddal utvikling, representant for Fylkeskommunen og Fylkesmannen.
Referansegruppe	Borghild Brennekåsa, Øyvind Larsen (banksjef H&G bank), Olav Tho (ordførar), representant for barn og unge i Tuddal, representant for handelsstanden i Tuddal, representant frå fylkeskommunen.

Bakgrunn

Tuddal er ei av tre bygder i Hjartdal kommune, med ca. 350 fastbuande. Bygda har barnehage og 1–7 skole og fleire sjølvstendig næringsdrivande innan handel og service.

Dei siste åra er det satsa tungt på hyttebygging, og i dag er der ca 1500 hytter. Der er også planer for fleire hundre nye. Hyttefolket bidreg bl.a. til å gje grunnlag for stabil etterspørsel etter varer og tenester.

Bygda har dessverre over tid hatt nedgang i talet på fastbuande, men nå skapast det entusiasme att, både frå innbyggjaranes side, kommunens side, næringslivet og andre privatpersonar. Fleire unge har etablert seg i bygda det siste året, og det er stor interesse for ei vidare samfunnsutvikling her. I denne samanheng har det i fleire år gått ein prosess med ulike tiltak som har som mål å snu denne trenden:

- Næringslaget Tuddal Turistutvikling etablert i 2005, og har 20 medlemmer
- Forprosjektet "Bygda og Fjellet"; LØFT-analyse gjennomført 2006 – 2007. Kartlegging av felles interesser og fortrinn som kan bidra til ei vidare utvikling av Tuddal. Dette danna vidare grunnlaget for søknaden om deltaking i Kommunal- og Regionaldepartementet si satsing på småsamfunn i 2008. Denne kom på 2. plass blant søknadane frå Telemark og blei derfor ikkje innvilga.
- Hjartdal kommune innvilga i 2008 søknaden om kr. 625.000,- i prosjektmidlar til eit 3-årig utviklings prosjekt i Tuddal, bl.a. for å gi mulegheit til å tilsette ein prosjektleiar, som kan vidareføre arbeidet frå forprosjektet.
- "Frå bygd til landsby" – søknad om midlar til pilotprosjekt frå Kommunal- og regional departementet, sendt oktober 2008.



- Februar 2009 – ein utvida prosjektbeskrivelse "Frå bygd til landsby" med søknad om midlar til pilotprosjekt innafor småsamfunnsatsing sendt til Kommunal- og regionaldepartementet, Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark og Husbanken.
- 12.mars 2009 – tilsegn om 500.000,- i prosjektmidlar frå KRD til prosjektet "Frå bygd til landsby". Departementet ved statsråden er spesielt opptekne av å sjå; "kva slag effektar ein kan få ved å kople sentrumsplanlegging med ein visuell modell som grunnlag for utforminga av området; korleis dette kan mobilisere dei unge; og korleis dette kan medverke til å skape samhandling mellom hyttefolk og fastbuande i Tuddal." Dette utløyste også 250.000,- frå fylkeskommunen i prosjektmidlar og 250.000,- frå fylkesmannen til konkrete tiltak. Husbanken kunne dessverre ikkje gje oss midlar i år, men dei stiller med bistand i form av kompetanse, nettverk og erfaringsoverføring.

Hovudmål for prosjektet

Å skape eit livskraftig samfunn med fokus på miljø, auka busetnad og næringsutvikling.

Innhald i prosjektet

Prosjektplan / framdrift

1 Bustader - det boligosiale

- Kartlegge ledige bustader/bustadtomter (leige/eige) og avklare med eigar kva slag planer dei har for evt. utleige/sal. Kartlegge kva slag behov potensielle nye innbyggjarar har og bistå med å leggje til rette for dei, slik at dei ynskjer å busette seg i Tuddal.

2 Sentrumsutvikling - visuell modell av Tuddal

- Blåse liv i kafeen - finne nye drivarar
- Involvere barn og unge i prosjektprosessen (barnehagen, skulane, lag og foreiningar)
- Møte/dialog med bebuarar i sentrum
- Folkemøte med verkstad til utforming av sentrum
- Forslag til visuell modell av sentrumsutforming frå landskapsarkitekt, basera på innspel frå deltakarane i Tuddal.

3 Næringsutvikling

- Potensielle nye næringar/utvidingar av eksisterande/tilleggsnæring – kartlegge og bistå ved behov

4 Hyttefolk

- Utarbeide og sende ut spørjeskjema til hyttefolk – kartlegge hyttefolks ressursar og behov i forhold til lokalsamfunnet.
- Bearbeide resultat og utarbeide rapport
- Samhandling - hyttefolk og fastbuande

5 Kultur, opplevingar og reiseliv

- Vedlikehald av turstiar / løyper – rydding, merking, kart
- Vidareutvikle bygdedagen
- Utarbeide ei "Tuddalspakke" - for uttesting spesielt med tanke på utlandet (Bremerhaven). Eiget prosjekt i regi av Telemark fylkeskommune
- Ulike kulturarrangement spesielt for barn/unge (kurs i lausdans, qigong, m.m.)
- "Goro og gourmet" – tradisjonsmat (kurs, sal)
- "Julefestival"



6 Service, private og kommunale tjenester

- Utarbeide og gjennomføre ei evaluering av både det private og kommunale servicenivået generelt, målgruppa er hyttefolk, besøkande og fastbuande. Dette skal danne grunnlag for forslag til forbetringar

7 Profilering, marknadsføring, identitet

- Stand på hyttemessa i Lillestrøm i april 2009
- Utarbeide ei enkel brosjyre om Tuddal (profilbrosjyre) og rollup
- Heimesida skal evaluerast og forbeistrast
- Utarbeide ein slogan/visjon for Tuddal – konkurranse med deltaking frå barn og unge i bygda
- Kompetanseheving marknadsføring
- Forum for reiseliv og opplevingar i Hjartdal kommune, felles marknadsføringstiltak

8 Samarbeid-/nettverksbygging

- Gjennomføre studieturar
- Erfaringsoverføring/læring - delta på nettverkssamlingar, seminar og delta aktivt i Fjellregionsamarbeidet med Tinn og Vinje.

9 Ferdig utarbeida plan for vidareføring - fase1

- Utarbeide og sende søknader om vidare finansiering av prosjektet til fase 1.

Budsjett

Finansieringskilde	Fase 0
Hjartdal kommune	250 000
Kommunal- og regionaldepartementet	500 000
Telemark Fylkeskommune	250 000
Fylkesmannen i Telemark	250 000
Eigeninnsats Tuddal utvikling	250 000
Totalt finansiering	1 500 000

Kritiske suksessfaktorar

1. *Engasjement frå bygdas innbyggjarar* (både fastbuande og hyttefolk)
Eit breitt folkeleg engasjement er ein viktig suksessfaktor.
2. *Eigarskap og samarbeid* - det må være eit "folkeprosjekt" og ikkje bare eit kommune- eller politikarprosjekt.
3. *Kommunikasjon*.
4. *Finansiering*.
5. *Heilskapleg planlegging, oppfølging og gjennomføring* - d.v.s. å sjå samanhangen mellom dei forskjellige tiltaka, at dei alle er delar i same "puslespel".

